

Fylkesrådmannen

**Sakshandsamar:**

Astrid Lernes  
E-post: astrid.lernes@sfj.no  
Tlf.: 57 65 62 89

**Vår ref.**

Sak nr.: 14/321-4  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

8307/14

**Dykkar ref.**

**Dato**

LEIKANGER, 11.03.2014

Ungdomspolitisk utval,  
Hovudsamarbeidsutvalet  
Fylkesrådet for funksjonshemma  
Fylkesrådet for eldre

## Innspel til Budsjett 2015/økonomiplan 2015-18

Fylkeskommunen er no i gang med budsjettarbeidet for komande år. Finansutvalet – som politisk arbeidsutval – utarbeider framlegg til budsjett/økonomiplan. Utgangspunktet for budsjettarbeidet ligg i vedteke budsjett 2014/økonomiplan 2014-17. Alle tilrådde endringar i høve dette grunnlaget vert lagt fram gjennom eigne arbeidsdokument til møta i finansutvalet. Arbeidsdokumenta vert fortløpande gjort tilgjengelege under fana «Budsjett og økonomiplan» på fylkeskommunen si heimeside (sfj.no). Gjeldande budsjettdokument er også tilgjengeleg der.

Fylkesrådmannen – som sekretær for finansutvalet – ser gjerne at Ungdomspolitisk utval, Hovudsamarbeidsutvalet, Fylkesrådet for funksjonshemma og Fylkesrådet for eldre kjem med innspel til budsjettarbeidet. Det er då spesielt interessant å få innspel på kva profil utvala meiner bør leggast på komande budsjett/økonomiplan. Dette kan gjerast ved å vise område/tiltak utvalet ser som særst viktige å ha fokus på og kva område/tiltak som kan tonast ned.

Innkome innspel vert fortløpande lagt fram for finansutvalet. Det er førebels tidfesta følgjande møte i finansutvalet:

- 2. april
- 18. juni
- 24. september
- 15. oktober
- 5. november

Arbeidsdokumenta vert sendt ut 7 dagar før aktuell møtedato, og eventuelle innspel må difor tilpassast dette.

Finansutvalet sitt framlegg til budsjett 2015/økonomiplan 2015-18 skal danne grunnlag for den ordinære politiske slutthandsaminga:

- 5. november: Finansutvalet gjer vedtak om framlegg
- 24. november: Ev. felles orientering om framlegget på politikardagen
- 25. november: Handsaming i hovudutvala
- 26. november: FU vedtek si tilråding til FT og legg dokumenta ut til offentleg ettersyn
- 10. desember: FT gjer sitt endelege vedtak.

I perioden mellom fylkesutvalet si handsaming og fylkestinget sitt endelege vedtak har sjølvstgatt alle høve til å kome med uttale.

Med helsing

Tore Eriksen  
fylkesrådmann

Eli Nes Killingrød  
økonomisjef

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*